



**REFERAT frå møte**  
for Kviteeid Sokneråd  
Onsdag 2. juni 2021, kl.18.00-21.00  
OBS stad: Misjonshuset (for å kunne halde betre avstand)

**Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Diakoniutvalet (inntil 9 stk.) blir med oss frå starten og så lenge dei ynskjer.

**Møtte:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Inge Waldenstrøm (3. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Frå diakoniutvalet møtte i tillegg til Marit Sørby: Gunhild Dobbe, Åsa Wendel, Reidun Thorsdalen og Gunnhild Sveinsdotter Breidalen. Dei var med oss til og med sak 32.21 om diakoni.

Olav Holm (organist) var med under heile møtet.

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Sigrun G Moen

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 30.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 31.21 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 32.21 FR</b>	<b>Diakoniutvalet og revidert diakoniplan</b>
<b>SR-sak 33.21 FR</b>	<b>Kulturplan for Kviteeid sokn</b>
<b>SR-sak 34.21 FR</b>	<b>Revisjonsberetning</b>
<b>SR-sak 35.21 FR</b>	<b>Revisjon av driftsbudsjettt 2021</b>
<b>SR-sak 36.21 FR</b>	<b>Investeringsplan 2022-2026</b>
<b>SR-sak 37.21</b>	<b>Komitéar for Gullkonfirmantfest og Kyrkjelydsbasar</b>
<b>SR-sak 38.21</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 30.21 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
Innkallinga til dette møtet blei sendt ut på e-post onsdag 26. mai 2021 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Som føreslege.		
<b>SR-sak 31.21 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>	<b>MG ++</b>
<p>1. <b>Gapahuk-prosjekt:</b> Vegmasse frå Dalanvegen ved Kviteseid kyrkje er blitt tipp og fyllmasse på teigen "Vassåker" (Vassåker er namnet på dette jordet mellom Kyrkjehamaren og Mylla). Avtale er gjort med VTFK om massen med godkjenning frå kommunen, fylket og biskop. Fyllmassen og gravemaskinarbeid med planering har spart oss for utlegg på min. 20.000 kr. Når tippen er ferdig, lagar vi framdriftsplan for oppsetting av gapahuken med tanke på mellom anna dugnadshjelp. Massen må setje seg litt i juni, og så går nokon ut i ferie. Vi vonar vi får opp reisverk i 2. halvdel av juli, og er klar til innspurt med dugnadshjelp i 1. halvdel av august.</p> <p>2. <b>Asfaltering.</b> Vi har fått pris frå Mesta for asfaltering av den minste parkeringsplassen, og inne i carporten. Vi har òg søkt biskop og fylket om ei lita utviding av P-plassen for å få langsidene parallelle. Asfaltering av P-plassen vart akseptert av biskopen 11.05. (Dei tilrådde det ikkje, men ville heller ikkje setje seg imot planane). Asfaltering begge plassane er innarbeidd i forslag til revidert driftsbudsjett. (Sjå Sak 35.21) I carporten har vi sjølv gjort forarbeid med avretting og komprimering. På P-plassen ordnar Mesta / VTFK opp utan kostnad for oss, både med utvidinga, avretting, topplag og komprimering/valsing.</p> <p>3. <b>Brunkeberg takkonstruksjon:</b> Forarbeid med stålkonstruksjonane starta i mars og i kyrkja i april. Alle jern-bjelkar er heist på plass og konstruksjonane på loftet er langt på veg ferdige. 8 utvendige strekkfiskar (støttebjelkar) er skrudd fast til lafteveggene. Kyrkja får ein god avstiving, forsterking og oppstramming. Arbeidet har god framdrift. Siste betaling vert ikkje gjort før arbeidet er fullført og godkjent av riksantikvaren.</p> <p>4. <b>Brann- og lynvernanlegg Fjågesund kyrkje:</b> Alle løyve er på plass og arbeidet med installasjon starta opp 18.5.</p> <p>5. <b>Fasteaksjonen:</b> Summen er komen opp i kr 45.849 frå Kviteseid kommune/sokn. Det er meir enn 40 % auke frå 2020 (kr 32.670, 2019: kr 47.839)</p> <p>6. <b>Høyringssdokument</b> for ny kyrkjeleg organisering vart handsama i Kyrkjerådet i slutten av mai. Sendast ut på høyring etter ny ekstra handsaming i Kyrkjerådet 15. juni. Ny frist er 1. desember. Soknerådet fekk opplyst at saka skal handsamast på august-møtet. <i>NY informasjon via kyrkjevergelaget 3.juni: 15.9 – 15.10 blir det prostivise høyringar for alle soknerådsmedlemmer. Handsaming i soknerådet må difor koma etter denne høyringa / informasjonssamlinga.</i></p> <p>7. <b>Kyrkjektekstilprosjekt:</b> Hanne Roholdt og Herdis Jørgensen har tatt initiativ til å registrere alle tekstilar i kyrkjene våre. Det er godt motteke av kyrkjeverja og staben. (<i>vedlegg sendt ut med innkallinga</i>)</p> <p>8. <b>Gjennomførte arrangement</b></p>		

- Dugnad på kyrkjegardane: *SR påpeika at mange som ynskte å vera med, ikkje hadde fått med seg annonseringa. Vi må annonsera betre i avisa, på Facebook og kanskje også med plakatar i god tid.*
  - i. Kviteseid gamle 29.4.: Sverre Bakken meldte om 4 stk som var til stades. Dei hadde spørsmål om nokre renningar bak kyrkja, og fortalte at muren/steingarden bak kyrkja held på å ramla ned. Det ser vi på.
  - ii. Fjågesund 28.4.: Gunn Karin Eikåsen melde om 12 frammøtte som gjorde det fint rundt kyrkja
  - iii. Vrådal og Roholdt: Marit Sørby informerte på møtet. 8-10 personar var med på Vrådal gamle kyrkjegard. Den var 8. mai så det var fint til gudstenesta der på Kristi himmelfartsdag den 13. På Vrådal kyrkjegard var de 8 personar, men der var det allereie veldig fint.
  - iv. Brunkeberg 5. mai: 7 personar var til stades og det blei rydda fint.
  - v. Kviteseid 28.4.: Marit Gotuholt informerte: Der kom 9 stk. + kyrkjegardsarbeidar med familie. Kunne godt vore fleire, for det blir mykje arbeid på få personar.
- 28. april: Føremiddagstreff på Misjonshuset
- 29. april: Pilegrimsvandring med konfirmantar, føresette og Eilev Erikstein
- 2. mai: Samtalegudsteneste og konfirmantfest. Mange har meldt tilbake at det var ein veldig fin og koseleg fest.
- 3.-8. mai: Godhetsveka i Kviteseid. Over 40 medarbeidrarar fullførte over 20 oppdrag.
- 9. mai: Felles godhetsgudsteneste i bryggeparken i Kviteseid.
- 11. mai: Felles bøn for Kviteseid.
- 13. mai: Friluftsgudsteneste ved Vrådal gamle kyrkjegard.
- 15. mai (laurdag): Dåps- og konfirmasjonsgodsteneste.
- 17. mai: Gudstenester i Fjågesund, Brunkeberg og Kviteseid. Den siste vart strauma til KviteseidKanalen på You Tube.
- 18. og 19. mai: Institusjonsandaktar på KOS og Midtsundtoppen

## 9. Planlagde arrangement

- 5. juni: Koncert med Olav Mosdøl og Hege Bålsrød i Kviteseid kyrkje (leigeforhold)
- 9. juni: Institusjonsandaktar
- 30.juni: Sommaravslutning på Bygdetunet for føremiddagstreff
- Torsdagar i juli, kl. 19.30: Kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje
- 1. oktober: Hans Nilsen Hauge-program med Ivar Skipervold.
- Allehelgenskonsert kring 1. nov.: 3 x Haugen + Holm
- Kulturutvalet har fleire interessante arrangement til vurdering.

## 10. Utval og komitear

- 22. april og 20. mai: Møte i diakoniutvalet.
- 1. juni: Møte i trusopplæringsutvalet.
- 4. juni: Møte i gudstenesteutvalet (ny dato).
- 8. juni: Møte i kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg.

## 11. Endring i gudstenestelista:

Gudstenestene i Vrådal og Kviteseid gamle har bytta plass då det vart kjend at Kviteseiddagen vert 29. august. Vrådal blir då 22. august. Det står rett på nettsida og kjem rett i kyrkjebladet (og etter kvart i avis og på plakatar)

<b>SR-sak 32.21 FR</b>	<b>Diakoniutvalet og revidert diakoniplan</b>	<b>MG/ML</b>
Diakoniutvalet presentera seg sjølve og fortel om korleis dei arbeider.		
Hausten 2020 kom ny revidert plan for diakoni frå kyrkja sentralt. Den har vore utgangspunkt for eit arbeid med justering av vår lokale diakoniplan frå 2017. Diakoniutvalet legg fram dette forslaget til justert lokal diakoniplan.		
<b>Vedlegg: Diakoniplan revidert 2021</b>		
<p><b>Forlag til VEDTAK:</b>  Soknerådet takkar diakoniutvalet for arbeidet dei gjer, og for førebuinga av forslaget til justert lokal diakoniplan.  Det framlagte forslaget med eventuelle endringar gjort i møtet vert ny gjeldande lokal diakoniplan for Kviteseid sokn.</p> <p>Gunhild Dobbe fortalte av utvalet i dag består av Kirsti Skjæveland, Gunnhild Dobbe, Åsa Wendel, Marit Sørby, Ingrid Grestad, Hæge Jønholt, Reidun Torsdalen, Reidun Fisketjønn og Gunnhild Sveinsdotter Breidalen.</p> <p>Sistnevnte orientera om den nasjonale planen, og Åsa Wendel gjekk gjennom vår lokale plan slik den ligg føre etter revisjonsarbeidet</p> <p><b>VEDTAK:</b>  Soknerådet takkar diakoniutvalet for arbeidet dei gjer, og for førebuinga av forslaget til justert lokal diakoniplan.  Det framlagte forslaget med små korrigeringar, vert ny gjeldande lokal diakoniplan for Kviteseid sokn.</p>		
<b>SR-sak 33.21 FR</b>	<b>Kulturplan for Kviteseid sokn</b>	<b>MG/OH</b>
Kulturutvalet fekk i sokneråd juni 2020 eit todelt mandat:		
<p><i>Utvælet utarbeider og held ved like ein kulturplan for Kviteseid sokn, med utgangspunkt i «Plan for kyrkjemusikk» utarbeida av Kyrkjerådet i Den norske kyrkje. Kulturplanen skal innehalde mål og planar for kulturlivet knytt til kyrkjelydane og kyrkjelokala. Forslag til kulturplan leggjast fram for og vedtakast av soknerådet.</i></p> <p><i>Utvælet administrerer bruk av kyrkja til kulturføremål med utgangspunkt i kulturplanen, og har fullmakt til å handsame søknader om leige til slike føremål på vegne av soknerådet.</i></p> <p>Kulturutvalet har arbeidd med ein slik kulturplan på fleire møte, og har no eit framlegg klart. Planen inneholder mål og konkrete forslag for å nå måla innanfor seks verksemderområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- gudstenester og kyrkjelege handlingar</li> <li>- samarbeid med heimen</li> <li>- samarbeid med barnehage, skule og kulturskule</li> <li>- institusjonar</li> <li>- konserter og andre kulturhendingar</li> </ul>		

- instrument

Organist Olav Holm presenterte saka for AU 20. mai, og AU har bede om det same for SR.

Vedtak i AU-sak 15.21: Arbeidsutvalet ser at her er det gjort eit godt arbeid og oppmodar soknerådet til å godkjenne planen etter presentasjon og drøfting av innhaldet, og utan nokon høyringsrunde nå.

AU tenker at diakoniutval og trusopplæringsutval kan uttala seg før ein framtidig revisjon.

**Vedlegg:** *Framlegg lokal kulturplan SR 2021*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar kulturutvalet for arbeidet dei har gjort med utarbeiding av kulturplan for Kviteseid sokn. Soknerådet godkjenner planen.

Utleigebrosjyre vert sendt ut med referatet.

**VEDTAK:**

Som føreslege

<b>SR-sak 34.21 FR</b>	<b>Revisjonsberetning</b>	<b>KS</b>
------------------------	---------------------------	-----------

Kyrkjeverja og rekneskapsførar signerte den 14.04.2021 ‘Uttale frå leiinga 2021’. På grunnlag av den og rekneskapen fekk vi 21.04.2021 ‘Revisjonsberetningen 2020’ fra revisor Hilde Vatnar i Vestfold og Telemark revisjon IKS.

**Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteseid sokn som viser eit netto driftsresultat på kr 200 220 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 190 220. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2020, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og noter til årsrekneskapen.  
Etter vår mening er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid sokn per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som ble avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

**Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på vår revisjon av årsmeldinga til Kviteseid sokn slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, at opplysningane i årsmeldinga er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane om økonomi i årsrekneskapen stemmer med årsrekneskapen.

AU såg på sitt møte 20. mai at revisjonsmeldinga er utan merknadar frå revisor, og er takksame for eit godt resultat etter god drift i det spesielle året 2020.

**Vedlegg:** *Revisjonsberetning 2020*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet merkar seg at revisjonsmeldinga er utan merknadar frå revisor, og er takksame for eit godt resultat etter god drift i det spesielle året 2020.

**VEDTAK:** Som føreslege

**Rekneskapsrapporten for jan-april (1. tertial) 2021** er laga til AU. Sjå eigen kolonne på vedlegget.

**Budsjett-justering:** (Endringane er markert med orange farge i den eine kolonna)

1. Når budsjettet blei sett opp, var den ein liten reknefeil som gjorde at kr 30.000 i renteinntekter ikkje vart med i summeringane. Dette er nå tatt med i vedlagt forslag til budsjettjustering.
2. Festeavgift er fakturert ut. Av 260 fakturaer med totalverdi 470.000, er pr. 26.4. 17 graver blitt sletta etter ønske frå festarane. Over 450.000 er innbetala. Det var budsjettert med nesten 350.000. Budsjettposten 16301-112 kan justerast opp til 450.000.
3. Løn er korrigert på avd. 113.
4. Post 12310-112 er auka frå kr 12.000 til kr 64.000 som er stipulert kostnad for asfaltering innvendig i carporten, og på den minste P-plassen. Tilbod frå NCC til Mesta vart kr 60.584. Med 10 % påslag til oss, får vi dei aktuelle plassane asfaltert for under kr 67.000 netto.
5. Andre postar i budsjettet er justert noko for å bli meir realistiske.

Vedtak i AU-sak 11.21: Arbeidsutvalet tek rekneskapsrapporten til orientering.

AU oppmodar soknerådet om å vedta revidert driftsbudsjettet for 2021 slik det er framlagt.

**Vedlegg:** R2021.1-4 og Rev.2021

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek det reviderte driftsbudsjettet for 2021 slik det er framlagt.

**VEDTAK:**

Som føreslege.

AU handsama investeringsplanen for 2022-2026 på sitt møte 20. mai og gjorde nokre prioriteringar. Sjå vedlegget.

Her ligg ved plan for plan for investeringar for dei neste 5 åra. Ingen investeringar blir gjort i Kviteseid sokn utan investeringstilskot frå Kviteseid kommune eller andre. Investeringsplanen soknerådet nå vedtek, blir oversendt kommunen for å takast med i kommunen si budsjettahandsaming utover hausten. Vedtak om investeringstilskot blir gjort kvart år i januar på grunnlag av kommunens vedtekne rammer.

**Vedlegg:** Investeringsplan 2022-2026

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek investeringsplanen for åra 2022-2026 slik den er utsendt og presentert.

**VEDTAK:**

Soknerådet vedtek investeringsplanen for åra 2022-2026 slik den er utsendt og presentert, og sender det til kommunen.

<b>SR-sak 37.21</b>	<b>Komit�ar for Gullkonfirmantfest og Kyrkjelydsbasar</b>	<b>MG</b>
<p>1. Ein sundag i september-oktober 2021 er det tid for <b>Gullkonfirmantfest</b> igjen. Slike har vi annankvart �r, og hadde sist i 2019 for �rskulla f�dt i 1953 og -54. No skal det vera for kulla f�dt i 1955 og -56. Kyrjekontoret sender ut innbyding i sommar, etter arbeidet med � finna namn og adresser. I 2019 var det Brunkeberg sin tur til � ha festen, men kyrkestova vart for lita, s�d det vart flytta til Kviteseid og Misjonshuset. Forslag til dato er 19. september. Komit� kan gjerne vera 1-2 fr� diakoniuutvalet, 1-2 fr� jubilantane og om ynskjeleg 1-2 fr� sokner�det, i tillegg til sokneprest og eventuelt organist.</p> <p>2. Kyrkjelydsbasaren laurdag f�r 1. sundag i advent vart i 2020 sv�rt anngleis med digital basar, godt f�rehandssal av lodd, og ein dag med sal av varer i Kviteseid. I �r h�par vi � kunne samla folk innand�rs att. Komit� for 2020 var Kirsti Skj�veland, Gunhild Dobbe, Dagfinn K�hn og kyrkjeverja. Komiteen er spurd og stiller gjerne igjen om SR ynskjer det.</p>		
<p><b>Forslag til VEDTAK:</b></p> <p>Komit� for gullkonfirmantfest 19.sept.:            Komit� for kyrkjelydsbasar 28. nov.: Kirsti Skj�veland, Gunhild Dobbe, Dagfinn K�hn og kyrkjeverja.</p>		
<p><b>VEDTAK:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Komit� for gullkonfirmantfest 19.sept.: Soknepresten og Sigrun Garvik Moen vart avtala p� m�tet. Ingrid Grestad har ogs� sagt JA til � v�re med (<i>Har ikkje f�tt svar fr� Gunhild Dobbe i skrivande stund, men f�r avklaring f�r referatet blir sendt ut over helga..</i>)</li> <li>2. Komit� for kyrkjelydsbasar 28. nov.: Kirsti Skj�veland, Gunhild Dobbe, Dagfinn K�hn og kyrkjeverja. Komiteen kan gjerne knytte til seg ein yngre person ogs�. <i>Ein er allereie spurt.</i></li> </ol>		
<b>SR-sak 38.21</b>	<b>Eventuelt</b>	<b>MG</b>
Komande SR i 2021 er 25. august, 6. oktober og 17. november		